



Tysvær kommune
Postboks 94
5575 Akdsdal

Kontakt saksbehandlar

Ragna Stakland Svela, 51568723

Fråsegn -offentleg ettersyn detaljreguleringsplan for Topnesvågen gnr/bnr 144/3 og 5 -plan-ID 201606

Me viser til brev datert 04.10.2019.

Det er no utarbeida ein reguleringsplan for hytteområde i Topnesvågen. Planområdet er avsett til fritidsbustadar i kommuneplanen.

Vår vurdering

Me viser til vår uttale til planvarselet, datert 14.06.2016, der me peikar på at planlegginga må ta omsyn til natur- og landbruksverdiar i området og ikkje bidra til ytterlegare fragmentering av viktige leveområde for vilt. Planen må vurderast etter naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12. Me peika òg på at det er naturleg at hyttene berre blir plasserte aust i planområdet, for å avgrensa terrenginngrep og ta vare på mest mogeleg av skogen. I planforslaget er det lagt opp til at heile området blir bygd ut.

Fylkesmannen fremmar **motsegn** mot planen på bakgrunn av landskapsverdiane i området (jf. plan- og bygningslova § 3 -1, bokstav b). Særleg den nordvestre rekka med fritidsbustadar vil vera problematisk med tanke på naturverdiar, då desse vil ligga på eit høgdedrag og bli dominerande i landskapet.

Forslagsstillar meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og at ein ikkje skal vektlegga føre-var i vidare planarbeid. Dei har ikkje vurdert økosystemtilnærming og samla belastning (nml § 10), eventuelle følgjer ved miljøforringing (nml § 11) eller miljøforsvarlege tekniskar (nml § 12). Det er vesentleg å vurdere § 10 når det blir planlagt ei så stor utbygging i eit område som i dag er tilnærma urørt. §§ 11 og 12 er viktig med tanke på utforming av hyttefeltet og anleggsarbeida.

Det er registrert beite- og yngleområde for rådyr og hjort i planområdet. Området for hjort er relativt lite og det er sannsynleg at utbygginga vil påverka hjortebestanden her. Det er òg to aktive havørnterritorier med god reproduksjon nær planområdet. Forslagsstillar har nytta eksisterande data frå naturbase og temakart. Det er ikkje kjent at naturmangfaldet i området er kartlagt. Fylkesmannen meiner kunnskapsgrunnlaget difor ikkje er tilstrekkeleg, og at ein må leggja vekt på føre-var dersom det ikkje blir gjort nærare undersøkingar av området.

Ut frå dette konkluderer Fylkesmannen med at vurderinga etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 er mangelfull, og fremmar derfor **motsegn** mot planen slik han ligg føre.



Med helsing

Harald Thune
ass. Fylkesmann

Marit Sundsvik Bendixen
konst. fylkesmiljøvernsljef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger